



Byggteam Vest AS
Mjåtveitflaten 1A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1830 - 17/7414

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
18.04.2017

Godkjenning - GBNR 17/3 - løyve til igangsetting for heile tiltaket - Meland

Administrativt vedtak. Saknr: 107/2017

Tiltakshavar: Geir Kippersund
Ansvarleg søkjar: Byggteam Vest
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Byggteam Vest har på vegne av tiltakshavar, Geir Kippersund, søkt om løyve til igangsetting for oppføring av påbygg til bustad på gbnr. 17/3.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 288/2016, datert 5.10.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om løyve til igangsetting inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov- og plangrunnlag:

Det følger av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsettingsløyve etter søkar sitt ønske. Igangsettingsløyve kan likevel ikkje gis «før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...)». Kommunen har i denne saka ikkje stilt vilkår i rammeløyve. Det vert vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurderingar. Naudsynte ansvarsrettar ligg no føre og vilkåra for å kunne gje igangsettingsløyve er difor oppfylt, jf. pbl § 21-4 tredje ledd.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, journalført motteke 18.4.2017. Ansvarleg føretak i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 tredje ledd igangsettingsløyve for oppføring av påbygg til bustad i samsvar med søknad med vedlegg journalført motteke 18.4.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Kippersund

Bjørnestadvegen 5918
280

FREKHAUG

Mottakere:
Byggteam Vest AS

Mjåtveitflaten 1A 5918

FREKHAUG